

Omsorgstenesta: Suksesshistorien vert no historie.

08.03.2017



Basen for heimetenesta vert no flytta herfrå til Rosendal.

**Organiseringa av omsorgstenestene i Uskedalen, med base i Myro og siste åra i Hagetunet, har ofte blitt omtala som ei suksesshistorie, også av ansvarlege i kommunen. Det har blitt sagt at det burde vore mønster for andre. I samband med omorganiseringa i kommunen vert denne gode ordninga no endra.**

Organiseringa slik det har vore med heimesjukepleie og omsorg for pu-brukarar i same gruppe, passar no ikkje inn i den nye organisasjonsmodellen i kommunen. Heimesjukepleien vert heretter lagt under Heimetenester Nord med base lokalisert til Rosendal medan den delen av omsorgstenesta som er for pu-brukarar, etter det vi kjenner til, framleis sakal ha base i Hagetunet.

Uskedalen.no er kjend med ein del frustrasjon og at pårørande stiller spørsmål ved denne endringa. Derfor vert helse- og omsorgstenestene i Uskedalen tema på neste møte i Uskedal Utvikling. Møtet var først planlagt første onsdag i april, men det vert no arbeidd for å få det til tidlegare.

Pårørande påpeikar mellom anna at responstida ved fall og akuttsituasjonar i heimen vert mangedobra. Der dei tidlegare var på plass 5 minutt etter alarmen gjekk, vil det no i beste fall gå fire-fem ganger så lang tid. Slike tilfelle er det ganske mange av. Nokre stiller også spørsmål om kva det vil ha å bety for tidspunkt for morgenstell når frammøtestad og base no er flytta ut av bygda. Blir det seint på dei som kjem sist i rekka? Liknande spørsmål vert stilt om innverknad på hjelp til måltid og leggetid.

Nokre spør om det kan vera god økonomi i at det må køyrast langt fleire kilometer for å nå fram til brukarane. At godt kvalifisert personale brukar ein langt større del av arbeidstida bak rattet, kan vel ikke vera god ressursbruk, vert det sagt.

Desse og fleire andre spørsmål vil nok koma opp når omlegginga vert tema på møtet i Uskedal Utvikling. Det er naturleg at det vert reaksjonar når ei ordning som har vore velfungerande, vert endra. Og omsorgstenesta med base i Myro/Hagetunet har fungert godt i Uskedalen. Det har vore ei stabil gruppe som har skapt tryggleik både hos brukarar og pårørande. I tillegg har dei tilsette fleksibelt fordelt arbeidstida si mellom heimeteneste og pu-brukarar. Dette vil eg tru har vore utviklande for dei tilsette i tillegg til at det har gjeve gode muligheter for å

utnytta ressursane på beste måte. Arbeidsmiljøet i gruppa har også hatt ord på seg for å vera godt. Nærleiken til bebuarar i Hagesenteret, Myro og elles i bygda har vore av stor verdi.

Det er ikkje tvil om at det er eit tap for bygda at basen for heimesjukepleie no vert flytta. Heldigvis kan eldre og sjuke føla seg trygge på at dei vert møtt av gode omsorgsarbeidarar også etter omorganiseringa. Vi får håpa at den nye organiseringa også gjev dei mulighet til å gje best mogeleg pleie. Dette får ein vita meir om på møtet som snart kjem i Uskedal Utvikling.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland